

	<b>NISSEDAL KOMMUNE</b>
Sak.nr.	15/1098-6

Dato 22/2-16

### Referat frå Fau 08.februar 2016

Stad: Personalrommet på storskulen

Tid: 18-20

Tilstades: Tor Eivind Lauvdal, Bjørn Dagfinn Tveit, Lena Haugsjå, Lill Antonsen, Anne Tveit, Ann Kristin Kåsi, Hildegunn Rønningen, Tellev Tveit, Runa Vee Tveit, Anne Espelid, Hilde Holskar.

Forfall: Gro Tarraldsen, Marie K. Enger, Christina Løyte og Hilde Birkedalen. Fleire?

Møteleiar: Reidun C. Retterholt. Ho ynskte velkommen og beklaga at det blei litt fram og tilbake med dato for møtet. Men det gjekk fint for dei fleste.

Innspel: Sende saksliste per e-post, sparer både tid og kanskje papir ;)

#### **Sak 1. Ordensreglement**

Revidere i løpet av våren 2016. Jobbast med i rektorgruppa.

Ikkje på sakslista, då denne skal reviderast etter nye krav frå direktoratet.

Er det noko me tenkjer bør med? Ingen spesielle forslag frå fau.

#### **Sak 2. Skuleruta**

193 dagar som ein er ganske bunden opp til. Det er fylket som fastset denne.

Bussruta styrer denne, faktisk. Skulen risikerer høge kostanader for skyss dersom skulen er satt opp på dagar det ikkje gjeng buss..

6 pl.dagar i løpet av eit skuleår. Vanleg med 3 pl.dagar før jol. Reidun seier at det er veldig bra for lærerane med planleggingsdagar før elevane tek til etter sommarferien, og lurt med ein dag etter skuleslutt for elevane i juni.

Hilde Holskar kom med to innspel:

- Samkøyre pl.dag barnehage og skule. Har blitt prøvd før, men Reidun vil ta det med.
- 2.januar, kan denne byttast ut med ein annan dag? Etter joleferie kan det vere utfordring for heimar og arbeidsgjevar med endå ein fridag..
- Greitt med fredagar og inneklemda fridagar.

Avspasering ved Dyrskun blei valt i haust. Delte meininger om dette, mange i fau meiner ein ikkje treng fri då. Reidun tar med innspel. God moglegheit for tilpassa opplæring for dei elevane som er igjen på skulen den dagen ;)

Positivt med skule oppunder jol. Mange som ikkje har fri før jol; jo lengre skulegang, dess betre. Samstundes som nokon kunne tenkje seg ein pl.dag/ avspasering nærmere jol.

#### **Sak3. Resultat av brukarundersøking i 7. og 10. klasse**

Reidun kunne informere om ein lav svarprosent, dessverre.

Me har nokre svar som er ubrukelege, dessverre. Dårleg grunnlag.

Elevane treng heller ikkje svare på alt.

Skulen må sette inn tiltak.

Elevane må ikkje svare. Skulen må gjennomføre.

Alle utfører undersøkinga via eigen pc. Men ingen kontroll på om dei svarer på spørsmålå eller held på med andre ting... Dette beklaga rektor og dette vil skulen gjere noko med neste gong.

Reidun gjekk igjennom "prikkeregel". Då har fleire enn 0 svart, men ein veit ikkje om det er 1, 2 eller 3 som har svart. Skal gjere det vanskeleg å gjennomskue svara.

Undersøkinga er ikkje noko godt grunnlag å byggje på eller sei at "elevane har talt". Får ikkje ut av direktoratet kva som ligg i dei prikkane, skal nok vere anonymt.

Veit ikkje svarprosenten frå fylket og nasjonalt. Kunne kanskje gitt oss noko?

FAU: Skjønar elevane at dette er for å få ein betre skule?

Reidun seier at dei får informasjon om undersøkinga og kva den kan brukast til.

De foreldre skårar jo høgt – god oppfølging frå heimen.

Foreldremøta i 7. og 10. skal gå igjennom undersøkinga.

Nokre representantar hadde innspel

- "Føler du at læraren bryr seg?" Hadde därleg skår. Reidun seier at dette var ikkje oppe i lærergruppa.
- Ein "prikk" på "føler du deg mobba av andre vaksne på skulen eller av lærarar?" Denne blei tatt opp. Alvorleg. Dette kan me ikkje vere ved, seier rektor. Uakseptabel.
- Raud tråd på arbeidsro, viktig å jobbe med skulearbeid som skårar lågt: 3,1 og 3,2. Reidun seier dette er fokusområdet - Jobber med det - vurdering for læring. Har det som fokusområdet, men det er ein veg å gå.
- Må vere vanskeleg for elevane å svare på enkelte av spørsmåla. Spørsmåla er formulert slik at det er vanskeleg å tolke svara, spørsmål stilt fleire gonger på ulike måtar...
- Det må vere eit mål å få opp svarprosenten. Må få ein kontroll. Skal ikkje vere vanskeleg å gjennomføre.
- Få det opp på lekseplanen. Sette krav frå heimane og prate om det.
- Ein og ein som gjennomfører, ikkje heile klassa samtidig?
- Viktig å gje beskjed til foreldre at i 7. og 10. klasse kjem det brukarundersøking, slik at dette blir viktig.
- Litt mobbing som gjeng på rykter og utsjåande. Konkrete svaralternativ på det med mobbing. Ikkje bra.
- Humor og ironi må ein passe seg for. Reidun seier at det var oppe i lærarmøtet sist torsdag. Uakseptabelt og det skal ikkje vere prikkar på slike svar.
- Blir undersøkinga snakka om i de aktuelle klassene? Ja, svarer rektor.
- Har elevane nokon forklaring på kvifor det er så få som deltek? Det vil dei bli spurta om. Ikkje rekt det ennå.
- Når skal undersøkinga gjennomførast? Denne er på hausten, 1.oktober til over nyttår.
- Vaksne på skulen: Bevisstgjering til dei vaksne er viktig i denne samanhengen. Mykje kan gjerast/ seiast ubetinga, utan meining.

Reidun trekte fram under denne saka: "elevens syn" (referenten veit ikkje om ho heilt fekk med seg dette, beklager..) Lærerane får utdelt spørsmål til gode diskusjonar – rettleierkorpsset som kom med denne metoden, IGP= "individuell gruppeframlegg"

#### **Sak 4. Skulebilete**

Det kom inn eit forslag om å redusere dette, slik at det ikkje blir kvart år. Fleire sa seg einige om saka. Kan det vere eit forslag å ta biletet i 1. og 10. klasse, portrett.

Klassebilete; redusere dette også, ikkje kvart år.

Tar det vidare til klassene slik at det kan diskuterast i foreldremøte. Endeleg avgjerde blir gjort i Fau neste gong.

### **Sak 5. Mat SFO**

Flatpris 3,- per dag i snitt, litt meir på dei som har full plass.

Runa har fått tilbakemelding frå 3.klasse: auk prisen

Hildegunn frå 2.klasse: generelt fått tilbakemelding på å auke prisen og behalde maten. Samt meir mat og variasjon.

Ein annan diskusjon: Pris SFO etter foreldra si inntekt (som i barnehagen) slik at alle kan vurdere tilbodet. Tar det med i referatet til info.

Einigkeit om å auke prisen på maten.

### **Sak 6. Operasjon dagsverk – innsamling til Mali**

Litt forvirring om o-dagen har vert, kom litt brått på. Dårleg med jobbar. Mange som jobbar heime og foreldra som betaler rekninga på 300,-.

Reidun; därleg info i haust. Elevrådet har bestemt at dei heller vil samle inn pengar til Mali i staden for operasjon dagsverk. Det var mange ting som svikta; Elendig info frå skulen, Reidun legger seg flat.

FAU: Det handlar om initiativ og kreativitet blant elevane sammen med vaksne. Det finst mange moglegheiter med betre tid til å planleggje.

I år var det uheldige omstendigheter. Det kan lykkast neste gong.

Tydeleg informasjon om at det er elevane som har bestemt dette - tanken er at eleven skal yte noko for andre. Og tanken er god. Det er ei tid på året kor det er mykje som kan gjerast og hjelpast til med. Gode erfaringar med od. Mail-prosjektet gav litt meir nærheit. Hølje Haugsjå og Øyvind Tveit kom til skulen og informerte om prosjektet.

Bra tiltak, med moglegheit for utfordring og initiativ frå elevane. Så dette kan fortsette, med god tid og planlegging.

### **Sak7. Innkomne saker, evt:**

- Datautstyr – pengane har komme. Sissel jobbar med saka og hentar inn info frå andre kommunar med tanke på løysingar og pris. Kva er best å kjøpe inn for 500.000,-, datamaskiner, iPad, mac, nettrett.  
Det er søkt om 5. klasesett og utbetring av nettet.  
Reidun har sagt at dei må handle inn eitt klasesett med datamaskiner nå, slik at ein har maskiner til eksamen til våren. Det handler om ein dekningsgrad med tanke på klasesett og antal elevar.  
Leasing? Er det vurdert? Med tanke på levetid og kostnad. Aspitt har sikkert ei meinung i forhold til support.
- Lekser - *kva er praksisen i dei ulike klassene? Kan rektor gje oss ein tilbakemelding på det?*  
*Er det gjort tiltak / endringar etter det første fau-møtet i haust?*  
Praksisen stemmer ikkje med det som er lagt til grunn, med tanke på tilbakemeldingar frå foreldre/ fau. Hatt det opp igjen på laga med tanke på forskinga som er lagt til grunn (leksjer per dag; 15min småskulen, 30min mellomtrinnet og 45min storskulen).  
Individuelle lekser i forhold til korleis eleven ligg an. Kjent stoff – repetisjon er intensjonen. Ikkje vere avhengig av at ein har vaksne til å hjelpe seg heime.  
Innspel: Tilpassa opplæring – både til svake og sterke elevar. Nøkkelen til framtida.  
Få elevane til å gjere det som kanskje ikkje er så lett – det er kanskje det ein må jobbe med.

Savner meir trykk, må øve, må kanskje streve. Alle har rett, uavhengig av svak eller sterke. Kom litt inn på arbeidsplanar i klassene, med fokus på jobbing. Runa kom med innspel med tanke på 5.kl.

● Nasjonaleprøver - Resultat og kva desse prøvene kan seie oss. Og kva blir evt gjort av tiltak i etterkant?

Små grupper, sårbare resultat.

Reidun føler ikkje at alle treng å vite kor mykje ei klasse kanskje strever. F.eks. lesing i 8.klasse.

Lesing i ei klasse med dyslektikarar, lese-/ skrivevanskar vil trekje ned snittet fordi alle skal ta prøva uansett utgangspunkt.

---

Blir meir og meir drilla på nasjonaleprøver. Blei ikkje snakka om for 4 år sidan. Slik var det for heile lærer-Norge. Det har kanskje fått vedvare lengre her på skulen, seier Reidun om haldningane til prøvene.

System for nasjonaleprøver. Rektorgruppa jobbar med før- under og etter prøvene.

Kartlegging for vidare arbeid, undervisning.

Reidun hadde ein gjennomgang av resultat.

Alle fagområder blir involvert. Lesing i alle fag.

Lærerane sette seg i grupper for å finne ut kva som er viktig. Felles grupper og faggrupper for å betre dette.

Bra jobbing mot nasjonale prøver på småskulen i fjar (4.kl spesielt).

Skule i utvikling – mykje lesing i alle fag = Sterkare leserar.

Dei elevane som strever får meir tid, det er det einaste som blir tatt hensyn til.

Mykje som blir gjennomsiktig i små klasser.

Skulen veit kva som er utfordringa i dei aktuelle klassene.

Reidun er derfor glad for at desse resultata ikkje blir meir "hausa opp". Reidun vil ikkje utlevere svake resultat, basert på svake elevar.

Bjørn Dagfinn Tveit er ein positiv kar og kom med følgjande fasit til Reidun ved spørsmål om nasjonaleprøver:

"Mi fygjer boka, og forøvrig, av hensyn til elevane, så kan eg ikkje sei meir om resultata" :)

● Sal av julehefte, Jol i Telemark – kven sin regi er det? Tor Eivind Lauvdal tok dette opp.  
Overskotet skulle eleven få sjølv. Ingen info om dette.

● Uro under tentamen før jol i 8.klasse. Dette vil Reidun ta med. Ho meiner at det er det rutinar for no. Stilte seg undrande til dette.

Møtet slutt!

Referent  
Hilde Holskar